

Skulestart 2023

Eid ungdomsskule

Velkomen
til EUS!



Eid ungdomsskule

Skuleåret 2023/2024

Eid ungdomsskule ønskjer å vere ein skule der elevar og lærarar har eit godt arbeidsmiljø.

Elevar og lærarar bør ha lyst til å ta til på skuledagen, og gå heim med ei kjensle av at dei har fått brukt evnene sine til det beste for seg sjølv og andre.

*Læring, trivsel og
sjølvstende gjennom
medverknad og medansvar!*



Informasjonsheftet og informasjon, m.a. nyhende, planar og bilete er å finne på heimesida.

Der kan de finne informasjon om skulen, referat frå rådsorgan, ulike planar m.m.

Til elevar, foreldre og lærarar!

Velkomne til eit nytt skuleår!



Alle tilsette ser fram til å få møte elevane etter ein lang og velfortent ferie. Vi vil ynskje spesielt velkomne til 2010-kullet som startar i 8. klasse. Det er alltid litt ekstra spennande å starte på noko nytt i livet. Vi skal gjere alt vi kan for at oppstarten skal bli bra og at tida på Eid ungdomsskule skal bli god for både 8., 9. og 10. trinn.

Trivsel er viktig for at ein skal ha det bra sosialt og for at læringsarbeidet og den faglege utviklinga skal bli så god som mogleg. Alle skal ha det bra på Eid ungdomsskule. Dei tilsette jobbar kvar dag med dette. Vi har gode system for trivselsfremjande tiltak som til dømes «bli kjent»-periode for 8. trinn, elevmentorar, ekskursjonar og fag på tvers av klasser og trinn. Samarbeidet med elevane og heimane er godt og heilt avgjerande for den gode trivselen. God trivsel = trygge elevar og god læring.

I år er vi 271 elevar med fire klasser pr. trinn: 8.trinn 93 elevar, 9. trinn 91 elevar og 10.trinn 87 elevar. Kvar klasse har to kontaktlærarar som har ansvar for 12-15 elevar.

Skuleåret er delt inn i bolkar på seks veker. Elevane får timetalet for perioden delt på 29 dagar i staden for 30. På denne måten innarbeider elevane ein fridag kvar 6. veke. Denne dagen nyttar lærarane til evaluering av perioden og planlegging av den neste.

Eid ungdomsskule tilbyr tysk og fransk som andre framandspråk, med fordjuping i engelsk og arbeidslivsfag som alternativ. Valfag er eit tilbod til alle elevane på tvers av trinn.

EUS tilbyr i år desse valfaga:

- Fysisk aktivitet og helse
- Friluftsliv
- Teknologi og design
- Programmering
- Produksjon for scene
- Praktisk handverksfag

§9A i opplæringslova slår fast at alle elevar skal oppleve ein skule som gjer alt den kan for å hindre at elevar vert utsette for krenkjande ord eller handlingar. Ingen elevar ved Eid ungdomsskule skal finne seg i å bli utsette for ufin framferd. Vi legg vekt på vanleg god folkeskikk og høfleg framferd.

Det er også viktig at vi alle har respekt for det som tilhøyrer andre. Øydeleggingar, hærværk og steling høyrer ikkje heime på skulen. Dersom nokon skulle vere uheldige og gjere skade på noko, må ein melde frå om dette til lærar/rektor snarast råd.

For at elevar skal ta kontakt og prate meir med kvarandre og vere meir i aktivitet i friminutta, skal mobiltelefon ligge i mobilhotell heile skuledagen. Unntaket er pedagogisk bruk etter avtale med lærar.

Vi gjer merksam på at dersom foreldre ønsker å sende andre enn den som har foreldreretten på utviklingssamtale, må skulen ha fullmakt frå den som har foreldreretten. Fullmaktskjema finn de på heimesida vår under fana heim/skule.

Godt samarbeid med heimane er avgjerande for å lukkast med skulegangen til elevane. Samarbeid er eit gjensidig ansvar. Det er svært viktig at foreldre tek opp med skulen saker som dei lurar på, stiller spørsmål ved eller rett og slett gjev tilbakemelding dersom noko er godt eller gale. Det same ansvaret har lærarane og skulen. Lærarane, andre tilsette og administrasjonen skal gjere sitt aller beste for at EUS skal vere ein skule prega av trivsel, tryggleik og læring. Vi ynskjer alle lukke til med skuleåret!

Venleg helsing
Peder Felde
Rektor

Ingrid Bergset-Leite
Assisterande rektor

Tilsette ved EUS 2023/2024

Rektor
Assisterende rektor
Undervisningsinspektør/rådgjevar
Tillitsvald Utdanningsforbundet

Peder Felde
 Ingrid Bergset-Leite
 Sveinung Alværn
 Marina Aasebø

Lærer	Kontaktlærer	Team / underviser mest i:
Inger Janne Nybø	8A	8ABCD
Trygve Bergset-Leite	8A	8ABCD
Marita Røyset	8B	8ABCD
Kristian Kjørstad	8B	8ABCD
Helga Challen	8C	8ABCD
Aasmund Egge Brandal	8C	8ABCD
Wenche Holmøyvik Starheim	8D	8ABCD
Ann-Merete Risøy	8D	8ABCD
Unn Elin Carlsen		8ABCD
Ove Lotsberg		8ABCD
Solveig Rand		8ABCD
Simen Lefdal		8ABCD
Ståle Sandal	9A	9ABCD
Ingebjørg Ryssdalsnes	9A	9ABCD
Siri Karlsen	9B	9ABCD
Hege Lillestøl Naustdal	9B	9ABCD
Siri Daviknes Melheim	9C	9ABCD
Marina Aasebø	9C	9ABCD
Marita Tolaas	9D	9ABCD
Lise Rønnestad	9D	9ABCD
Sølvi Mulelid Hartvigsen		9ABCD
Torleiv Orheim		9ABCD
Sofie Jørgensen Bakkeli		9ABCD
Silje Kvalvik Risøy		9ABCD
Siri Nikoline Leivdal		9ABCD
Kristian Lefdal		9ABCD
Irene Margrethe Lunde	10A	10ABCD
Kari Bale	10A	10ABCD
Kariann Aga Ness	10B	10ABCD
Ole-Andreas Aarvik	10B	10ABCD
Reidun Nes	10C	10ABCD
Rønnaug Stugaard Monsson	10C	10ABCD
Eivind Per Alsaker	10D	10ABCD
Line Balsnes	10D	10ABCD
Sigrid Aksnes Enebakk		10ABCD
Karoline Gartha Hammer		10ABCD
Trine Meland		10ABCD
Ole Telvik		10ABCD
Øyvstein Løddøen (miliøterapeut)		



Peder Felde
(Rektor)



Ingrid Bergset-Leite
(Ass. rektor)



Sveinung Alværn
(Rådgjevar)



Laila Espe Jakobsen
(konsulent)



Siri D. Melheim



Marita Røyset



Reidun Nes



Rønnaug S. Monsson



Irene Lunde



Ole Telvik



Marita Tolaas



Ståle Sandal



Wenche H. Starheim



Lise Rønnestad



Ove Lotsberg



Ingebjørg Ryssdalsnes



Hege L. Naustdal



Torleiv Orheim



Siri Karlsen



Kristian Kjørstad



Kari Bale



Sølvi M. Hartvigsen



Helga Challen



Inger Janne Nybø



Line Balsnes



Kariann Aga Ness



Eivind Alsaker



Ole Andreas Aarvik



Øystein Lødøen



Pål Nytingnes



Trygve Bergset-Leite



Sigr d A. Enebakk



Ann-Merete Ris y



Marina Aaseb 



Simen Lefdal



Unn Elin Carlsen



Karoline Hammer



Sofie Bakkeli



Trine Meland



Silje Kvalvik Ris y



Siri Nikoline Leivdal



Kristian Lefdal



Hallgeir Sandal



Solveig Rand



Aasmund E. Brandal

✓ Kontaktinfo / telefonliste

Kontor	94 85 10 01
Rektor	97 03 27 61
Assisterende rektor:	47 89 02 51
Rådgjevar	90 06 73 58

Heimeside: www.stad.kommune.no

✓ Organisering av skuledagen

Skuledagen er oppdelt i 4 økter på 70 minutt.

Læringsaktivitetane vil kunne variere, men denne inndelinga gjev oss høve til fagleg fordjuping og skaper meir ro.

1. økt **kl. 08.50 – 10.00**

2. økt **kl. 10.15 – 11.25**

Matpause 30 min.

3. økt **kl. 11.55 – 13.05**

4. Økt **kl. 13.20 – 14.30**



2023/2024

Skulestart elevar:

Haustferie:

Elevfri dag:

Siste skuledag før jul:

Første skuledag etter jul:

Vinterferie:

Siste dag før påske:

Første skuledag etter påske:

Elevfri dag:

Siste skuledag:

Måndag 21. august

V 41 (Måndag 9. til fredag 13. oktober)

Fredag 3. november

Torsdag 21. desember

Onsdag 3. januar.

V8 (Måndag 19. til fredag 23. februar)

Fredag 22. mars

Tysdag 2. april

Fredag 10. mai

Fredag 21. juni

Organisering ved EUS skuleåret 23/24 gjer at det blir elevfrie dagar på følgjande datoar: 22.09, 07.11, 03.01, 12.02, 10.04 og 21.06.

Avslutningsfesten med utdeling av vitnemåla for 10. klasse vert onsdag 19. juni i Operahuset Nordfjord. Alle føresette er inviterte. Fint antrekk (elevane har tradisjon med å stille i kjole/dress).

Aukande tendensar til å be elevar fri for å reise på ferie i skuletida.

Eid ungdomsskule gjer særleg merksam på at det er lagt inn ei veke haustferie og ei veke vinterferie, og bed om at føresette tek dette med i planlegginga av ein eventuell ferie. Skal ein be elevar fri frå skulen, bør dette gjerast før plass/billett blir bestilt.

Elevar som tek seg fri fleire veker utanom dei faste feriane, vil miste kontinuitet i opplæringa og gå glipp av ev. læringsaktivitetar som er viktige for øving og vurdering. Dette kan vere uheldig.

Dersom elevar skal ha fri meir enn 10 skuledagar, vert dei skrivne ut av skulen. Dei føresette har då ansvar for heimeundervisning slik at eleven er fagleg à jour når han kjem tilbake til skulen.

Utval og rådsorgan

Samarbeid og ansvar

Rektor	Peder Felde
Frå FAU:	Leiar XX og nestleiar XX
Frå lærarkollegiet:	Siri Karlsen (Vara: Unn Elin Carlsen) og Ole Telvik (Vara: Wenche Holmøyvik Starheim)
Frå elevrådet:	Leiar XX og nestleiar XX
Frå rådet for andre tilsette:	Laila Espe Jakobsen
Politisk repr. driftsstyret i Stad kommune:	Astrid Grete Torheim (vararepr. ikkje valt)

Foreldrekontaktar ved Eid ungdomsskule

Alle foreldre er medlemmer i foreldrerådet. Foreldrekontaktane danner *Arbeidsutvalet* for foreldrerådet (FAU). Desse kan nyttast som rådgjevande og "arbeidande" utval for leiaren i foreldrerådet. Heimane får orientering om kven som er foreldrekontakt.

Kva skulen og lærarane har ansvar for:

Følgje Opplæringslova med forskrift, LK20

1. Møte elevane med passande krav og forventningar. Tilpasse læringsarbeidet.
2. Gje elevane tilbakemeldingar som fremjar positiv utvikling.
3. Halde heimen godt informert om eleven sin trivsel og utvikling på skulen.
4. Informere heimen dersom eleven på alvorleg måte eller fleire gonger bryt skulen sitt ordensreglement.
5. Passe på at elevane ikkje skadar eller plagar kvarandre, og gripe inn ved konflikhtar.
6. Hjelpje elevar som har vanskar eller blir krenka.
7. Informere heimen i god tid om alle endringar i skuleplanen (turar, aktivitetsdagar o.l.)
8. Ha tilsyn og vaksenkontakt i friminutta.
9. Ta ansvaret for elevane heilt til dei er ute av skuleområdet ved slutten av skuledagen.
10. Kalle inn til første foreldremøte og elles til min. to utviklingssamtalar i året.

Kva foreldre og føresette har ansvar for:

Medverke til at elevane møter skulen og medelevar med positive haldningar

1. Syte for at eleven møter opplagd og førebudd på skulen - til rett tid.
2. Informere skulen om tilhøve som kan ha noko å seie for eleven sin trivsel og tilpassing.
3. Syte for at melding vert gitt:
 - a) når eleven har vore borte på grunn av sjukdom osb. - fráværsmelding via Vigilo.
 - b) på førehand når eleven treng fri frå undervisninga.
 - Fri 1-3 skuledagar - Kontaktlærer kan gje fri etter informasjon via melding i Vigilo.
 - Fri 4-10 skuledagar – Rektor kan gje fri etter eigen søknad i Vigilo.
 - Fri over 10 skuledagar – Søknad via Stad kommune sine nettsider
Rektor kan gje fri inntil 10 skuledagar. Blir det søkt om fri ut over dette, må foreldre/føresette sende søknad til kommunalsjefen. Søknaden må sendast 1 månad i førevegen.
4. Hjelpje til at elevane *passar på* og får levert inn skulebøker og bibliotekbøker.
5. Tek kontakt med skulen (faglærarar, kontaktlærer eller administrasjon) dersom ein har spørsmål vedkomande undervisninga.
6. Bruke den som er foreldretillitsvald i samarbeid om ønskjelege tiltak i skulen.

Felles ansvar: Sjå til at eleven får ei fin utvikling, fagleg og sosialt.



Tiltaksplan

Veke	Aktivitet	Merknad/Ansvar
34-35	Foreldremøte, trinnvis	Team/foreldrekontaktar
35-36	Leirskule – 9 trinn	Team
36	Overnattingstur / "Bli-kjent" tur - nye 8. klasse	Team
37	Elevrådskurs	Kontaktlærer, elevråd og rektor
38	FAU / SU/SMU: Kurs/møte for foreldrekontaktar. Val av representantar frå foreldrekontaktane til SU og SMU.	Rektor
39	Kontaktlærarar og foreldrekontaktane legg arbeidsplan for skuleåret.	Kontaktlærarane
43	Utviklingssamtalar 10. trinn	Team
43	Møte i FAU – arbeidsplan	Leiar FAU
45	Utviklingssamtalar alle trinn	Team
48	Foreldremøte for 10. trinn. Orientering om søknad til vgs	Rådgjevar
49	Juleball	Elevråd og klassekontaktar
50	Juleavslutning i Operahuset	Onsdag 20.12.23
4 – 7	Møte i FAU og samarbeidsutval	Leiar i FAU / rektor
5 – 7	Eventuelt foreldremøte på trinna	Team og foreldrekontaktar
9	Planlegging av trinnets årsmøte	Team og foreldrekontaktar
11	Utviklingssamtalar 8. og 10. trinn	Team
11	Foreldremøte for nytt 8. trinn	Adm
12	Utviklingssamtalar 9. trinn	Team
17	Trinnet sitt årsmøte, 9. trinn – val av foreldrekontakter	Team
18	Trinnet sitt årsmøte, 10. trinn	Team
18	Trinnet sitt årsmøte, 8. trinn – val av foreldrekontakter	Team
23	Besøk av nye 8. klasser, måndag	Adm. og nye kontaktlærarar
22 – 23	Arbeidsveke, 9. trinn	Inspektør og team
24	Avslutningfest for avgangselevane 19.06.2024	Team og elevar



Ekskursjonar / turar / aktivitetar / elevarrangement

Følgjande ekskursjonar, med og utan overnatting, er lagt inn i planane med bakgrunn i fagplanane og overordna del av læreplanen.

Klassesteg	Fag / Emne	Dagsturar/aktivitet	Overnattingsturar
8. trinn Tidleg haust	Trivsel Naturfag Kunst og handverk		Bli-kjend-tur med overnatting i grendahus i nærområdet.
Alle trinn	Kroppsøving Naturfag	Felles fjelldag i nærområdet	
8. trinn	Bli-kjend-kveld	Arr. EUS på kveldstid	
9. trinn	Kroppsøving Naturfag Folkehelse og livsmestring		Leirskule
9. trinn	Trivsel / Kultur Juleavslutning	Operahuset Nordfjord Dagtid: alle elevane Kveld: føresette 9. tr.	
9. trinn	Norsk	Aasentunet	
• 8. trinn • 9. trinn • 10. trinn	Kroppsøving	• Skileik på Tua • Ordinær skidag (Harpefossen) • Vintertur (Heggjadalen)	Lavvo, telt
8. og 9.trinn	Kroppsøving	Tinestafett (elevrådet)	
Alle trinn	Kroppsøving	Felles idrettsdag	
8. trinn	Kroppsøving Naturfag Folkehelse og livsmestring		
10.trinn	Trivsel / Kultur Avslutningsfest med program, middag og utdeling av vitnemål	Operahuset Nordfjord Dagtid: alle elevane Kveld: føresette 10. tr	

Karakterar / vurderingsforskrifter

Elevvurdering

Arbeidet er delt mellom:

- Vurdering utan karakter
- Vurdering med karakter

Utdrag frå m.a.«Forskrift for grunnskulen»:

1. Kontakt med heimen. Kontaktlæraren skal minst to gonger i året ha ein planlagd og strukturert samtale med foreldra eller dei føresette om korleis eleven arbeider til dagleg og gjere greie for korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra eller dei føresette om utviklinga til eleven i lys av Opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Samtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet.
2. Vurdering utan karakter. Ein skal gi vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i LK20, med sikte på at eleven på beste måte skal kunne nå desse måla. Elevane skal delta i vurderinga av sitt eige arbeid.
3. Dialog om anna utvikling. Læraren skal jamleg ha dialog med eleven om utviklinga i lys av Opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket for Kunnskapsløftet.
4. Vurdering med karakterar. Elevane skal i tillegg til vurdering utan karakter, vurderast med karakter i alle fag utanom faget Utdanningsval. Karakterskala frå 1 til 6. Elevane skal også vurderast med karakter i orden og åtferd. Grunnlaget for vurdering med karakterar er kompetansemåla i LK20. Karakterane skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har oppnådd på det tidspunktet vurderinga skjer, og ut frå det som er forventa på dette tidspunktet.
5. Halvårsvurdering 1 og 2 og karakterar på dei einskilde prøver/arbeid skal supplerast med grunngjeving og rettleiing
6. Som grunnlag for fastsetjing av karakterar har skulen har utarbeidd kjenneteikn på låg, middels og høg måloppnåing i faga. Elevar og føresette skal frå faglærar få informasjon om kva som vert vurdert.

Ved EUS får elevane faste elevsamtalar med lærarar. I tillegg kan det i ulike grad bli brukt loggskrivning som kommunikasjonsmiddel mellom lærar-elev.

Skulevurdering

Skulen gjennomfører årlege spørjeundersøkingar som vert handsama i Samarbeidsutvalet, m.a.:

- Oktober: **Trivselsundersøking** (alle elevar)
- Nov/des: **Elev- og Lærarundersøkinga** (nasjonalt vurderingsopplegg)
- Febr/mars: **ANT- undersøking** (alle elevar)
- April: **Trinna sine årsmøte** der elevar, foreldre og lærarar vurderer trinnet sitt arbeid og blir samde om mål for neste skuleår.



Ordensreglement for grunnskulane i Stad kommune

1. Heimel

Ordensreglementet er heimla i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.1998 kap. 2 - §2-9: Ordensreglement, kap. 9 - §9A: Elevane sitt skulemiljø, og forskrift til opplæringslova av 01.08.2020.

2. Føremål

Utifrå opplæringslova § 9A har alle elevane rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Ordensreglementet inneheld reglar som tek sikte på å fremje læring, trygghet, samarbeid, trivsel, toleranse, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet.

3. Ordensreglane gjeld

- når elevane oppheld seg på skulen/skuleområdet i skuletida
- på arrangement i skulen sin regi, som turar m.m.
- på skulebussen og skulevegen
- når det på fritida skjer hendingar som får konsekvensar for elevar i skulekvardagen, jf. Opplæringslova §9A

4. Ordensreglane byggjer på vanleg skikk og bruk, og difor

- skal vi vise høfleg framferd
- skal vi snakke med kvarandre på ein positiv og fin måte
- skal vi ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt (Jf. handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø)
- skal vi henge frå oss yttertøy, lue og caps i gang/garderobe, og ta på innesko.
- skal vi følge skulen sine retningslinjer for bruk av datautstyr
- skal mobiltelefon/anna kommunikasjonsutstyr vere avslått og oppbevarast på tilvist plass
- kan mobiltelefon brukast i undervisninga når det er gjort spesiell avtale med lærar
- er vi på skulen sitt område i skuletida

5. For å ta vare på helse og/eller unngå skade

- viser vi omsorg for og respekterer kvarandre
- kastar vi snøball berre på eige tilvist område
- brukar vi sykklar/sparkesyklar, skateboard, rollerblades o.l. berre etter løyve og på tilvist område. Verneutstyr skal nyttast.
- tek vi ikkje med farlege gjenstandar på skulen sitt område
- set vi ikkje fram truslar eller utøver vald mot andre
- er det forbode å oppbevare eller bruke tobakk, snus eller rusmiddel
- let vi vere å ete snop eller drikke brus i skuletida (ved spesielle arrangement kan ein etter avtale ta med snop og brus)

6. For å ha det triveleg og fint saman

- har vi arbeidsro i timane
- må vi vente på tur og ta omsyn til dei andre
- må vi hjelpe kvarandre med å halde orden
- tek vi vare på skulen, materiell, leikar og utstyr
- melder du straks frå til ein tilsett viss du skulle vere så uheldig å øydelegge noko som høyrer skulen til
- går vi roleg i gangane og held ro og orden
- skal det vere ro når vi får vere inne i friminutta
- tek vi ikkje med private leikar på skulen utan løyve
- tek vi sjølve ansvar for verdisakene våre, og oppbevarer dei verken på gangen eller i garderoben på skulen/idrettshallen

7. For å få ein god skuledag

- så møter vi på skulen og til timane til fastsett tid
- er vi budde til undervisninga og har med oss skulesaker
- varslar vi om det som er ugjort eller gløymt før undervisninga tek til
- leverer vi melding/søknad ved fråvær

8. Tiltak og sakshandsaming ved brot på ordensreglementet

Eit skulesamfunn fungerer best når alle følgjer dei reglane som gjeld. Brot på ordensreglane vil få følgjer, avhengig av alvorsgrad:

- 1 Samtale med tilsett
- 2 Merknad
- 3 Samtale, informasjon og ev. møte med føresette utifrå alvorsgrad
- 4 Samtale med leiing/rektor
- 5 Forsøpling eller tilgrising vil kunne medføre at ein må vaske/rydde opp
- 6 Bruk av mobil utan løyve vil medføre inndraging av telefonen, og føresette vert varsla
- 7 Ved skadeverk på skulen sin eigedom kan elev og/eller føresette verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell (jf. Lov om skadeerstatning § 1-1 og 1-2).
- 8 Alvorlege hendingar og skadeverk kan bli meldt til politiet
- 9 På ungdomstrinnet kan karakter i orden eller åtferd verte sett ned (jf. Forskrift til opplæringslova § 3-4)
- 10 Ved sær s alvorlege brot på skulen sine reglar, kan eleven bli utvist (jf. opplæringslova § 9A-11):
 - barnetrinn: enkelttimar eller ut dagen
 - ungdomstrinn: opp til tre dagar
 - heimsending/bortvising frå skuletur og leirskule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule, mellombels eller permanent (jf. opplæringslova §9A-12)

Skulen skal sørgje for at avgjerd vert teke på eit forsvarleg grunnlag (jf. Forvaltningslova §17). Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den/dei som tek avgjerda. Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal skulen ha vurdert andre tiltak. Føresette til elevar på 1.-7. trinn skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av skuledagen (jf. opplæringslova §9A-11)

9. Vurdering av orden og åtferd

(jf. Forskrift til opplæringslova kap.3, § 3-4, 3-6, 3-11, 3-13, 3-16)

•Vurdering i orden og åtferd skal gjerast på bakgrunn av ordensreglementet. I vurderinga av orden og åtferd skal skulen ta omsyn til dei føresetnadane eleven har, og til at elevane får ulik støtte og hjelp i heim og nærmiljø. Det skal til vanleg ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar, unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Gjentekne brot på ordensreglar kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtferd. Ved ev. fare for nedsett ordens- eller åtferdskarakter skal eleven og føresette varslast på førehand.

Når skulen vurderer orden, tek ein omsyn til ordensreglane med spesiell vekt på

• *i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet, kjem tidnok til timar, er førebudd til opplæringa og har med nødvendige læremiddel og utstyr, tek godt vare på alt som høyrer skulen til, både inne og ute, steller pent med skulebøker og anna undervisningsmateriell, leverer arbeid til rett tid og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er*

• *fråvær på ungdomstrinnet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd*

Når skulen vurderer åtferd, tek ein omsyn til ordensreglane med spesiell vekt på

• *korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa t.d. i timane, friminutta, på skulevegen og arrangement i skulen sin regi som turar m.m.*

• *at eleven viser omsyn og respekt for andre*

• *andre forhold som skal takast med i vurderinga er om eleven har vore involvert i løgn, tjuveri, hæverk, fusk eller forsøk på fusk på prøver (jf. forskrift til opplæringslova § 3-33, 3-34) om reaksjonsmåtar ved fusk under eksamen)*

• *fråvær på ungdomstrinnet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd*

10. Iverksetjing og kunngjering - ordensreglementet

- er utarbeidd av skulane i Stad kommune og godkjent av kommunalsjef
- tek til å gjelde frå 15.02.2021
- skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette ved byrjinga av kvart skuleår
- skal leggjast fram for skulen sitt samarbeidsutval kvar haust
- skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen / kommunen si nettside



Forsøk om vurdering i orden og åtferd utan karakter

Eid ungdomsskule skal frå skuleåret 2023-2024 vere med i eit forsøk i regi av Utdanningsdirektoratet om vurdering i orden og åtferd utan karakter. Les meir om forsøket her: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/forsok-om-vurdering-i-orden-og-oppforsel-uten-karakter/>

Dette vil føre til eit auka fokus på kva som er god orden og åtferd dette skuleåret. Fokuset vil vere på kva elevane meistarar, og på kva for område ein må ha fokus på for å betre orden og åtferd. Elevane skal ilag med lærar sette opp mål som ein skal jobbe med gjennom skuleåret. I tillegg skal ein ha fleire strukturerte samtalar kring desse måla gjennom skuleåret. Det blir viktig at elevane får medverknad og eigarskap til måla og at ein ilag med elev og føresette får til ein god prosess der positiv utvikling for eleven er det vi arbeider mot.

Merknader har vore eit stort fokus for mange elevar tidelegare år. Utan vurdering med karakterar i orden og åtferd ønskjer vi å få fokus bort frå tal merknader til fokus på kva som er god orden og åtferd. Dei tilsette vil framleis dokumentere både god og mindre god åtferd og orden for å ha eit grunnlag til å ha gode samtalar med elevane om dette.

Dette prosjektet er i ein oppstartsfasen denne hausten. Både form og innhald kan bli endra etter kvart som vi får erfaringar med kva som fungerer godt. Både FAU og elevråd blir også engasjert i dette prosjektet.

Mobilhotell

Skulen har gått til innkjøp av mobilhotell til dette skuleåret. EUS er ein mobilfri skule der elevane ikkje skal bruke mobiltelefon i skuletida. Tidlegare har elevane lagt eigen mobil avslått i eige låst elevskap. Det har vist seg at dette er vanskeleg for ein del elevar å følgje opp. Elevane har gått med mobil i sekken eller på kroppen og brukar den spesielt i friminutta eller når dei går ut av time. Skulen har erfaring med mange uheldige saker som kjem av mobilbruk i skuletida. Etter drøftingar i kollegiet og rådsorgan har vi blitt samde om å prøve mobilhotell for å kunne hjelpe elevane betre med å følgje reglane for mobilbruk.

Vi vil starte med mobilhotella første skuledag. Skulen håpar at dette tiltaket vil hjelpe elevane med å ta gode val i høve mobilbruk på skulen. Elevane og foreldre gjennom rådsorgana, vil bli engasjert i høve evaluering av dette tiltaket.

I praksis set elevane sin mobil i ei lita låsbar kasse når første time startar. Kassa blir låst og sett i klasseskabet. Når siste time er ferdig får elevane sin mobil. Dei kan slå den på og eventuelt få meldingar/beskjedar frå foreldre. Har foreldre behov for å få tak i sine ungdommar i skuletida, må ein ringe til skulen. Dette er vanleg praksis som tidlegare.

I høve start og avslutning på skuledag utanfor klasserommet som til dømes kroppsøving og tilvalsfag, vil skulen ha eigne ordningar for korleis ein gjer det med mobiltelefon. I desse tilfella skal mobiltelefon vere avslått og innelåst i elevskap eller i sekk (kroppsøving). Dette vil elevane få informasjon om.

Ordensreglane gjeld i høve ureglementert bruk av mobiltelefon.

Praksis med korleis vi brukar mobilhotella vil heilt sikkert endre seg etter kvart som vi får erfaring med kva som fungerer godt.



Reglar for skysskort/busskort

- Kortet er personleg med namn og kortnummer. Det er ikkje lov å låne ut kortet til andre eller bruke det utover fri skuleskyss for våre elevar i 8.-10. klasse som bur meir enn 4 km frå skulen.
- Kortet må takast vare på og elevane må minnst på at dei må ha det med kvar dag til skulen.
- Gjeld berre for reiser mellom heim og skule kl. 08.50 – 14.30 for vår skule. Kortet gjeld ikkje på fridagar og i feriar.
- Har ein gløymt kortet, får eleven vere med bussen om morgonen, men må ta kontakt med kontorpersonalet på skulen for å låne reservekort til heimreisa. Utan reservekort må eleven betale for heimreisa sjølv.

No er det mogleg å velje - å få skoleskyssbilletten på mobilen!

Gjelder for ungdomsskolar og vidaregåande skolar frå og med skoleåret 2023/24.

Skyss har stort fokus på å forenkla og forbetre våre tenester best mogleg, og sikre ei berekraftig og brukarvennleg løysing for skoleskyss i Vestland. Som eit ledd i dette lanserer vi no ei brukarvennleg og digital løysing for elevar i ungdoms- og vidaregåande skolar, med moglegheit for billett på mobil. Dette veit vi mange av dykk har venta på.

Frå og med skolestart i august 2023 kan elevar med rett til fri skoleskyss ved ungdoms- og vidaregåande skoler i Vestland velje å få skoleskyssbilletten sin i Skyss Billett-appen. Løysinga er valfri og elevar som ønsker det, kan fortsette med dagens løysing med kort.

Valet om skoleskyssbillett på mobil skal bidra til;

- Ein enklare kvardag for elevane
- Mindre administrasjon for skolane
- Ei meir berekraftig og brukarvennleg løysing

Kva må elevane gjere for å ta i bruk løysinga?

1. Meld frå til skolen om at du ønsker skoleskyssbillett på mobil og oppgje telefonnummeret ditt
2. Sørg for å ha lasta ned Skyss Billett-appen på telefonen din
3. Ver logga inn i appen med same telefonnummer som du oppgjer til skolen
4. Når skolen har registrert at du ønsker skoleskyssbillett på mobil og søknaden er godkjent, vil billetten dukke opp under "mine billetter" i appen på alle skoledagar

Reis som vanleg til og frå skolen, og vis fram skoleskyssbilletten på mobilen ved behov. Sørg for å ha nok straum og mobildata på telefonen, men i dei tilfella det likevel skulle vere tomt, vil vektarane kunne søke opp billetten ved hjelp av telefonnummeret ditt.

Les meir om digitalt skysskort:

<https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/skoleskyssbillett-p%C3%A5-mobil/>

Tryggleik på skulevegen:

- Vent til bussen har stoppa heilt opp før du går om bord.
- Gå roleg om bord, register skysskortet hos sjåføren og legg det i ranselen igjen. Ta vare på kortet ditt.
- Plasser sekk, gymbag og andre vesker på golvet eller på fanget, ikkje set dei på setet ved sidan av deg.
- Bruk setebelte.
- Sitt roleg i setet. Gjer du ikkje det, utset du både deg sjølv og andre for fare.
- Gå roleg ut av bussen. Vent med å krysse vegen til bussen har køyrt
- Meld frå til skulen dersom eleven sjølv blir mobba eller ser andre blir det. Eleven kan bli nekta tilgang på bussen ved gjentekne tilfelle av bråk, mobbing eller anna oppførsel som verkar inn på trafikktryggleikane.
- Sei også ifrå dersom det er ledige sete om bord, men du likevel ikkje får sitje på.
- Uroa ikkje sjåføren unødig under fart!

Regelverk for trygt og godt skulemiljø

9A - Eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Skulen skal sørgje for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla skulen si aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Statsforvaltaren i Vestland.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland

Informasjon til barn, unge og føresette

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettar elevar og føresette har, og kva ein kan gjere dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.





Datareglement for EUS

Datareglane er ein del av skulen sitt ordensreglement

For at vi i størst mogleg grad skal få bruke datamaskiner og internett i skulefagleg samanheng, er det viktig at alle er høflege i omgang med andre på nettet, passar på datautstyret og elles unngår å gjere noko som fører til meirarbeid i form av opprydding av ulikt slag.

1. Formålet med reglementet

- a) Målgruppa for reglementet er elevane ved Eid ungdomsskule.
- b) Reglementet vil klargjere kva som er akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.
- c) Reglementet tek sikte på å hindre handlingar som ikkje er gjort med vilje og uønskete hendingar.
- d) Reglementet vil verne brukarane og trygge den pedagogiske lærings situasjonen.
- e) Reglementet skal medverke til å avgrense roller, rettar og plikter for elev og skule.

1. Reglementet omfattar

- a) Bruk av skulen sitt IKT-utstyr.
- b) Bruk av privat IKT-utstyr i skuletida.
- c) Bruk av programvare eleven kan nytte til skulearbeid.
- d) Publisering av innhald på nett.
- e) Kommunikasjon ved bruk av privat eller skulen sitt IKT-utstyr.
- f) Elevane sin IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men IKT-bruk som har tydeleg tilknytning til skulen, kan likevel kome inn under skulen sitt ansvarsområde.

1. Eleven sine rettar

- a) Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunne nå læringsmåla innan IKT i Kunnskapsløftet.
- b) Eleven har rett på tilgang til IKT-utstyr i undervisninga.
- c) Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i samband med gjennomføring av ulike prøver, digital eksamen og nasjonale prøver.
- d) Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet av skulen.
- e) Skulen kan berre utlevere opplysningar om ein einskild elev eller data eleven eig dersom han/ho har samtykka i dette, eller dette er vedteke i reglement eller heimla i lov.
- f) Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- g) Skulen vil slette alle personopplysningar om eleven som skulen ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje viss skulen er lovpålagt å ta vare på opplysningane.

4. Eleven sine plikter

- a) Elevane pliktar å følgje skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT-utstyr.
- b) Elevane pliktar å setje seg inn i den informasjonen som skulen gjev om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.
- c) IKT-utstyret skal behandlast pent, og det er ikkje høve til å ete og/eller drikke ved datamaskinene.
- d) IKT-utstyret som vert brukt i skuletida, skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.
- e) I skuletida skal privat IKT-utstyr som mobiltelefonar, berbare datamaskiner og liknande, berre nyttast etter skulen sitt ordensreglement.
- f) Chat, spel, bruk av sosiale media, privat e-post / surfing skal berre skje etter avtale med skulen.
- g) Publisering på nettet av innhald, dvs. bilete, lyd- og videoopptak tekne i skuletida er ikkje tillate utan i undervisningssamanheng etter avtale med lærar.
- h) Eleven må få samtykke frå medelevar/føresette til å legge ut bilete, lyd eller video av dei.
- i) Digital mobbing skal ikkje skje, uavhengig av om eige eller skulen sitt IKT-utstyr blir brukt.
- j) Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal berre verte brukt av den aktuelle eleven.
- k) Elevar kan ikkje installere eigen programvare på skulen sitt IKT-utstyr.
- l) Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkommande får tilgang til det kommunale nettverket, skal ikkje skje.
- m) Eleven pliktar å gjere sitt beste for ikkje å bringe virus eller anna øydeleggande programvare inn i skulen sitt IKT-utstyr.
- n) Eleven pliktar å bruke godt nettvett når han/ho brukar skulen sitt IKT-utstyr.
- o) Eleven pliktar å undersøkje og respektere opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som vert lagt ut på heimesider, fellesområde eller bloggar.
- p) Eleven pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

4. Inngrep og sanksjonar

- a) Brot på IKT-reglementet kan føre til sanksjonar frå skulen.
- b) Skulen har eit ansvar for å gripe inn ovanfor elevar som mobbar eller trakasserer lærarar eller medelevar.
- c) Bruk av skulen sitt IKT-utstyr som er i strid med gjeldande reglement, kan bli meldt til politiet.
- d) PC-ar som vert brukt under eksamen kan bli kontrollert før og etter eksamen, for å avdekke eventuelle forsøk på juks.
- e) Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av privat eller skulen sitt IKT-utstyr, kan bli utestengde frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorleg tilfelle kan bli meldt til politiet.
- f) Elevar som gjer skade på skulen sitt IKT-utstyr, kan bli haldne erstatningsansvarlege.
- g) All datatrafikk ved skulen kan bli logga.
- h) Brot på IKT-reglementet kan også føre til sanksjonar med heimel i skulen sitt generelle ordensreglement.

4. Ansvarsfråskrivning

- a) Skulen er ikkje ansvarleg for tap av data eller skade på IKT-utstyr som skuldast tilhøve skulen ikkje har kontroll over.

✓ Trivselsfremjande tiltak

EUS vil gjennom ulike aktivitetar og handlingsplanar, sette fokus på trivsel og sosial meistring. Draumeskulen med sine elevmentorar vil vere ein viktig del av dette. Vi trur at slikt arbeid, i tillegg til andre tiltak, også vil verke rusførebyggjande. Vi vektlegg "bli-kjent-aktivitetar" t.d. turar, overnatting/ekskursjonar for 8.klassene, og elles samkomer av ymse slag. Sjå elles tiltaksplanen.



Elevmentorane 22/23

✓ Spesialundervisning

Kapittel 5 i Opplæringslova: "Spesialundervisning for barn, unge og vaksne"

§5-1 Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstilbodet som gjeld andre elevar.

Rutinar vedk. igangsetting av spesialpedagogisk hjelp

Oppstart for kartlegging av behov for spesialundervisning kan skje ved at:

- Undervisningspersonale melder frå til rektor om elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring.
- Elevar eller foreldre kan sjølv ta kontakt med rektor, lærar, rådgjevar eller PPT.
- Tilsette i grunnskulen innhentar samtykke frå føresette når ein meiner det er behov for spesialpedagogisk hjelp. I samtykket må det også gå fram om ein godkjenner unntak frå teieplikta.



Forsikringsordningar og tryggleik

Om forsikringsordningar - Skademelding

Vi vil gjere føresette merksame på at Stad kommune etter forskriftsendring i Opplæringslova 24.06.08 har plikt til å sørgje for ulykkesforsikring for skuleelevane. Stad kommune har ulykkesforsikringar som stettar krava i samsvar med forskrift av 24. juni 2008 og informasjon i frå UDIR.

Forsikringa skal gi eleven dekning

- a. på opplæringsstaden i opplæringstida
- b. på veg mellom heim og opplæringsstad
- c. under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- d. under transport, skuleturar, idrettsdagar, leirskular og liknande som skulen er ansvarleg for.

Ved ev skade betaler elev/ føresette lækjarutgifter sjølv, men får dette refundert av Trygdekontoret så snart skademeldinga frå skulen er behandla. Det er viktig at ein tek vare på kvitteringar for ev utgifter.

Ansvarsforsikring

Kommunen har ansvarsforsikring som vil gjelde også i høve til skuleelevar når ein skade/eit ulykkestilfelle kan tilskrivast uforsvarlege forhold, dvs. at kommunen kan lastast for det som hende. I slike tilfelle hender det at saka må handsamast i rettsapparatet for å få fastlagt ansvarstilhøva.

Klede, utstyr, gjenstandar

Tidlegare hadde Stad kommune eiga brilleforsikring for grunnskule-elevar. Denne ordninga gjeld ikkje lenger. Det er elles ikkje rom for erstatningar som kommunen ikkje har plikt til. Ved vurdering av ev erstatning må det takast omsyn til om det er snakk om eit "hendeleg uhell" eller om kommunen kan lastast.

Når det gjeld skade på klede/briller o.a. kan elles reglar i skadeerstatningslova vere aktuelle. Etter lov om skadeerstatning er foreldra i ein del tilfelle ansvarlege for skadar som barna er årsak til. Erstatningsansvaret er avgrensa til kr. 5 000 pr. skadetilfelle når foreldra er utan skuld. Skulen har ikkje høve til å erstatte ting som blir borte eller øydelagde. Alle elevar vil få tildelt eit garderobeskap. Dei må sjølv syte for hengjelås på skåpet, og dei er ansvarlege for å ta vare på tinga sine. Barbare PC-ar brukt som kompensierende hjelpemiddel i undervisning, må låsast inn i skapa i friminutta dersom ikkje vedkomande elev sjølv er til stades i klasserommet.

Førebygging av ulykker

Det er viktig at skulen prøver å førebyggje ulykker. Ved utflukter skal lærarane følgje visse prosedyrar med tanke på tryggleiken.

Det er også viktig at føresette syter for at elevane har rett utstyr til ulike slag utflukter. På sykkelturar kan elevane berre vere med dersom dei har hjelm. På dei lengste skiturane må elevane ha kledd seg godt.

Samtykke frå føresette

Vi er avhengige av føresette sitt samtykke dersom elevane skal få lov til å bade på skuleturar og utflukter (andre stadar enn bassenget i idrettshuset/utanfor skulen sitt område).

*Vi vonar at denne orienteringa kan vere til nytte i høve til skadetilfelle som kan oppstå, og med tanke på **vurdering av behovet for private forsikringar**.*



Rådgjevingstenesta

Rådgjevar/inspektør på skulen er Sveinung Alværn. Han kan treffast på tlf. 90 06 73 58 eller e-post sveinung.alvern@stad.kommune.no

Arbeidsoppgåvene til rådgjevaren kan delast inn i følgjande hovudområde:

Sosialpedagogiske oppgåver.

Døme:

- ✓ Hjelpje elevar til å finne løysingar på sosiale og personlege vanskar i skulesituasjonen.
- ✓ Sørgje for samanheng i omsorga for einskildelevar.
- ✓ Hjelpje til med å løyse konflikhtar i skulemiljøet.
- ✓ Formidle kontakt til andre hjelpeinstansar.

Spesialpedagogiske oppgåve.

Døme:

- ✓ Samarbeid med lærar, rektor, PPT og andre instansar om einskildelevar.
- ✓ Skaffe oversyn over trongen for særskilt tilrettelagt undervisning i samarbeid med kontaktlærar og PPT.
- ✓ Samarbeid med vidaregåande skule om einskildelevar.
- ✓ Ansvar for alternativ opplæring.

Utdannings- og yrkesorientering. t.d.:

- ✓ Individuelle samtaler om studie- og yrkes-val.
- ✓ Koordineringsansvar for kontakt til skular og næringsliv. Partnerskapsavtaler og utdanningsval.
- ✓ Organisere den praktiske yrkesorienteringa, t.d. arbeidsveka, yrkesorienteringsdag, hospitering på vgs og besøk på verksemder osb.
- ✓ Gje orientering om vidaregåande skule. Rettleie elevane i 10. klasse i søknadsprosessen til vgs.

Arbeidsveka

Arbeidsveka vert avvikla på 9. trinn. I den grad det er mogeleg bør arbeidsveka vere knytt til det utdanningsprogrammet eleven besøkte på hospiteringa i 9. klasse, eller det utdanningsprogrammet eleven vil prøve ut på hospiteringa i 10. klasse. Rådgjevar vil på det sterkaste presisere at ingen verken elevar eller føresette gjer direkte avtalar med bedrifter i Stad kommune. Rådgjevar har ansvar for tildeling av arbeidsplassar etter ynskje/ samtale med elevar og utprøvd utdanningsprogram.

Dersom nokon av ulike årsaker, skulle ynskje å leggje arbeidspraksisen utanom Eid, må elev/føresett sjølv gjere avtale om dette. Føresette må då stå for ansvar og kostnad med ev. reiseutgifter og opphald. Rådgjevar vil då ha melding om namn på bedrift, adr., tlf.nr. og kontaktperson ved bedrifta.

Dette er nokre eksempel på arbeidsoppgåver som rådgjevaren i ungdomsskulen har i tillegg til andre administrative oppgåver. Det er viktig at både elevar og føresette tek kontakt med rådgjevaren. På den måten kan ein motverke konflikhtar og skape ein god skulesituasjon.

✓ Bruk av skateboard o.l.

Vi tykkjer dette er ein fin aktivitet, men samstundes ser vi at dette lett kan føre til skadar på elevane. Det er difor nødvendig at elevane nyttar verneutstyr. Det er foreldra sitt ansvar å sende dette med elevane saman med skateboard o.l. Vi viser elles til informasjon om forsikringsordningar.

Då det er ein vanskeleg situasjon for lærarane å kontrollere at elevane brukar nok verneutstyr, ønskjer vi at de som foreldre er med på å setje standard for korleis ungdommen dykkar skal vere sikra ved bruk av skateboard.

Etter samråd med klassekontaktane og FAU ønskjer ikkje skulen å forby bruk av skateboard osv. Samstundes vil skulen i samarbeid med heimen måtte ta ansvar for tryggleiken så langt det let seg gjere. Vi ønskjer å gjere foreldre merksame på den ekstra risikoen eleven utset seg for ved å bruke skateboard-/rollerblades, og ønskjer difor foreldra sitt samtykkje til slik bruk.

✓ Samtykkeskjema

I samband med dei ulike aktivitetane på skulen er vi avhengige av å hente inn ulike samtykke frå foreldre/føresette. Dette gjeld m.a. bruk av IKT-utstyr, bading utandørs, publisering av bilete på nett og bruk av skateboard o.l.

Samtykkeskjema blir lagt på Vigilo, og heimane vil bli informerte når dette er klart til bruk.





Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod som skal vere lett for elevane å bruke. Eleven skal ha moglegheit til å ta kontakt med helsesjukepleiar med små og store spørsmål.

Helsesjukepleiarane ved Eid ungdomsskule er Berit Kragseth, Sol Hege Evebø og Silje Solvang. Vi arbeider tverrfagleg og har tett samarbeid med andre tenester, t.d. kommunal fysioterapeut, tenesta for psykisk helse og rus, BUP og lege.

Teneste for psykisk helse og rus vil vere på ungdomsskulen i tillegg til skulehelsetenesta, ein halv dag per veke.

Helsesjukepleiar er på EUS kvar måndag, tysdag, torsdag og fredag. Teneste for psykisk helse og rus er på EUS tysdag .

Telefon:

Berit Kragseth, helsesjukepleiar, 950 09 037

Sol Hege Evebø, helsesjukepleiar, 415 61 238

Silje Solvang, helsesjukepleiar, 947 95 614

Anne Lene Hauge, psykisk helsearbeidar, 476 53 546

Foreldre og elevar står fritt til å kontakte tenesta når dei måtte ynskje det. Dersom det oppstår noko som har innverknad på eleven si helse og trivsel oppmodar vi elev og foreldre å ta kontakt.

For å gjere overgangen til ungdomsskulen best mogeleg, vil vi oppmode føresette om å gje nødvendige helseopplysningar til skulen. Helsetenesta har teieplikt og kan ikkje gje informasjon utan samtykke frå foreldra.

8. klasse

Individuell oppfølging ved behov

I 8.klasse har vi helsesamtale individuelt med alle elevane. Tema etter ungdomen sine behov og ønskjer. Aktuelle tema kan vere:

- Meistring, trivsel og relasjonar, psykisk helse
- Søvn og søvnvanar
- Kosthald og måltidsvanar
- Fysisk aktivitet og stillesitting
- Tannhelse
- Seksualitet og samliv
- Tobakk, alkohol og rusmiddel
- Vold, overgrep og omsorgssvikt
- Fastlegeordninga, teieplikt
- Vekt/lengde-måling av alle elevar
- Sjekk for scoliose

Undervisning om psykisk helse

9. klasse

Individuell oppfølging ved behov

Undervisning om seksuell helse

10. klasse

Individuell oppfølging ved behov

Vaksinasjon mot difteri, stivkrampe, kikhoste og polio

Besøk på helsestasjon for ungdom/ HFU som er lokalisert på helsestasjonen på Rådhuset, Informasjon om HFU, vald og overgrep, seksuell og psykisk helse

Vi underviser i andre tema som skulen ser behov for og kan delta på foreldremøte etter behov.

Informasjon om tenesta: <https://stad.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjon/skulehelsetenesta/>



Stad kommune

Eid ungdomsskule

Besøksadresse: Skulevegen 75

Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 948 51 001

E-post: peder.felde@stad.kommune.no